



Hordaland Fylkeskommune  
Heidi Bjønnes Larsen

Vår dato  
01.05.2018

## Høyringsinnspel til Temaplan for Landbruk i Hordaland Innspel frå Bjørnefjorden landbrukskontor - Fusa, Tysnes, Os og Samnanger kommunar

Her kjem innspel til høyring om Temaplan for landbruk i Hordaland frå Bjørnefjorden Landbrukskontor.

Bjørnefjorden landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for kommunane Fusa, Tysnes, Os og Samnanger. Eg har skrive eit høyringsnotat som er sendt til rådmenn og ordførarar i dei fire kommunane. Det kom litt for seint ut til at alle kommunane rakk å ta opp temaplanen og høyringsnotatet til politisk handsaming i alle kommunane før fristen 1. mai.

På **Tysnes** vart Temaplanen teken opp i utval Teknisk/Landbruk tysdag 24. april. Det kom ikkje innspel til kommentarar i møtet, men ein var samde i at høyringsnotatet frå administrasjonen var bra og at ein støtta FK sitt vidare arbeid med planen. Den vart så sendt vidare til Formannskapet som skulle ha møte onsdag 25. Det har ikkje kome inn kommentarar etter formannskapsmøtet.

I **Samnanger** vart Temaplanen teken opp på møtet i kommunestyret torsdag 25. april. Det kom ikkje innspel til kommentarar i møtet, men ein var samde i at høyringsnotatet frå administrasjonen var bra. Landbrukssjefen gav ei innleiing og det vart litt diskusjon etterpå. Det vart gjort eit vedtak om at høyringsnotatet frå landbrukssjefen skulle ta med nokre ekstra punkt. Desse er ikkje blitt innarbeidd i notatet, men vert sendt som vedlegg.

I **Fusa** vil planen og mnotatet bli handsama av kommunestyret den 3 mai. Konklusjonar, kommentarar og eventuelt vedtaket vil bli ettersendt etter møtet

I **Os** vil formannskapet handsame temaplan og høyringsnotat 8 mai. Konklusjonar, kommentarar og eit eventuelt vedtak vil bli ettersendt etter møtet

Helsing

Øystein Svalheim  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Kopi av vedtak i Samnanger kommunestyre 26.04.2018 til høyring om Temaplan for landbruk	1380062	01.05.2018
Høyringsnotat frå Bjørnefjorden Landbrukskontor til Temaplan Landbruk frå Hordaland Fylkeskommune	1378186	01.05.2018